

## SAKSPAPIR

SAKSGANG			
R.f.	Styre, råd, utval m.v.	Møtedato	Saksnr
ER	Eldrerådet	01.12.2014	019/14
KLEV	Komité for Levekår	01.12.2014	060/14
RFF	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.12.2014	026/14
FS	Formannskapet	03.12.2014	080/14
KS	Kommunestyret	10.12.2014	078/14

Arkiv: K2-G40

Arkivsaknr: 14/1559-2

### UTTALE: TANNHELSETENESTA - KLINIKKSTRUKTURPLAN 2015-2030

Sakshandsamar: Jarle Kåre Oen

#### Kort om saka:

**Hordaland Fylkeskommune legg fram «Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta 2015 - 2030». Planen ligg ute til høyring med høyringsfrist 15. desember 2015. Øygarden kommune sine pasientar soknar til Ågotnes tannklinik som vert føreslege nedlagt i 2019. Ny klinikk vert opna på Straume. Rådmannen foreslår å oppretthalda noverande struktur.**

#### Dokument vedlagt saka

-

#### Aktuelle lover, føresegner, avtalar, planar:

- Lov om tannhelseteneste
- Forvaltningslova
- Offentlegheitslova

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og mandat

Fylkesrådmannen i Hordaland gav fylkestannlegen (2013) i oppgåve å utarbeida ein klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. Ein ny klinikkstrukturplan skulle erstatta den tidlegare fylkesdelplanen om «Tannhelsetenester i Hordaland 2010-2013».

Målet med planen er å utvikla ein klinikkstruktur innafor gitte rammer som kan tilby innbyggjarane i Hordaland stabile tannhelsetenester, inkludert spesialisttenester, av høg fagleg kvalitet. Klinikane må ha ein storleik som gjer dei robuste til å ta hand om pasientane ved vakansar, feriar og permisjonar. Storleiken på tannklinikane er og avgjerande for at folkehelsearbeidet kan koordinerast med samarbeidspartnarane på ein effektiv og god måte.

##### Lovgrunnlaget

Lov om tannhelsetenesta § 1-3 definerer tannhelsetenesta sine oppgåver slik (omfanget av den offentlege tannhelsetenesta).

«Den offentlige tannhelsetjenesten skal organisere forebyggende tiltak for hele befolkningen. Den skal gi et regelmessig og oppsøkende tilbud til:

- a. Barn og ungdom fra fødsel til og med det året de fyller 18
- b. Psykisk utviklingshemmede i og utenfor institusjon.
- c. Grupper av eldre, langtidssyke og uføre i institusjon og hjemmesykepleie.
- d. Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret.
- e. Andre grupper som fylkeskommunen har vedtatt å prioritere\*

I tillegg til de prioriterte oppgaver kan Den offentlige tannhelsetjenesten yte tjenester til voksent betalende klientell etter fylkeskommunens bestemmelser».

\* pasienter som er under rusomsorg eller innsett i fengsel.

#### Framtidig organisering av den offentlige tannhelsetjenesten i Hordaland

Sidan 2004 har Hordaland vore inndelt i 5 tannhelsedistrikt. I 2012 vart det i tillegg opna eit nytt 6. distrikt – Tannhelsetjenesta kompetansesenter vest – i det nye odontologibygget i Bergen. Kompetansesenteret skal tilby spesialisttenester til pasientar frå heile Hordaland, gje faglege råd til private og offentlege tannlegar i heile fylket, ha ansvar for klinisk forskning og ta del i utdanning av tannlegespesialistar.

Denne klinikkstrukturplanen tek for seg dei 5 distrikta som tilbyr desentraliserte tannhelsetenester. I 2014 er det i tannhelsetjenesta i Hordaland ein fylkestannlege, 6 overtannlegar og 22 klinikkleiarar. Totalt er det om lag 380 tilsette i tannhelsetjenesta i Hordaland.

Å leggja ned mindre klinikkar og samla seg om ein «regional» - ofte ny – klinikk er gjennomgåande i framlegget til ny klinikkplan. Dette vert av fylkeskommunen framheva som ei styrking av tannhelsetilbodet.

Viktige argument i planarbeidet:

- Stortingsmelding 35, 2006-2007, offentlege tannhelsetenester skal styrkast
- Regionplan for attraktive senter i Hordaland, senterstruktur, tenester og handel
- Effektivisering av drifta – i dag står behandlingsrom unnytta
- Økonomi – reduserte budsjettammer er å redusera tal på tannklinikkar
- Stabile og gode faglege miljø på tannklinikane
- Det har dei siste tiåra vore ei markert betring i tannhelsa særleg i gruppa born og unge
- Akseptabel reisetid
- Utplassering av studentar
- Folkehelsearbeid, førebyggjande tiltak
- Folketalet og aldersgrupper
- Etablering av nye klinikkar
- Behandling av vaksne, betalande pasientar

Det vert elles synt til hovudpunkt 2.0 i planframlegget «Viktige argument i planarbeidet».

#### Hovudkonklusjonar i planframlegget:

- Klinikkkstrukturplanen for tannhelsetjenesta i Hordaland gir eit godt grunnlag for å kunne tilby fagleg betre, meir stabile og meir tilpassa tannhelsetenester på 25 offentlege tannklinikkar i fylket
- Tal behandlingsrom blir 187 – 17 færre enn i dag. Sjølv med ein reduksjon i tal behandlingsrom skal tannhelsetjenesta i Hordaland kunne gi eit godt tannhelsetilbod til

alle dei prioriterte pasientgruppene. Dette inkluderer og ein forventet auka i desse gruppene med om lag 30 000 i tidsromet fram til 2030

- For raskast mogeleg å kunne ta ut effektiviseringsgevinsten, legg klinikkstrukturplanen opp til at dei største endringane vil skje i tidsromet fram mot 2022
- Klinikkkstrukturplanen for tannhelsetenesta i Hordaland legg opp til same regionsstruktur for tenesteyting som tilrådd i rapporten «Fylkeskommunale tenester i Hordaland – organisering og lokalisering»
- Med større tannklinikkar vil fordelinga mellom dei ulike yrkesgruppene i tannhelsetenesta til ei kvar tid vera optimal. Tal på tannpleiarar vil auka. Dette vil styrka det førebyggjande arbeidet, folkehelsearbeidet
- Alle pasientane, med unntak for innbyggjarar i Fedje kommune, vil få under 1 time reiseveg til tannklinikken
- Tannhelsetenesta i Hordaland vil ikkje dekke reisekostnader når tannklinikkar vert lagt ned
- Klinikkkstrukturplanen legg grunnlaget for at tannhelsetenesta i Hordaland vil framstå som ein moderne organisasjon, med eit fagleg godt, heilskapleg og stabilt tilbod til pasientane

#### Vest Tannhelsedistrikt

Øygarden kommune høyrer til Vest Tannhelsedistrikt som også omfattar Fjell, Sund, Askøy og bydelane Laksevåg og Fyllingsdalen i Bergen kommune. Det er tre tannklinikkar vest om Sotrabrua – på Straume og Ågotnes i Fjell, Skogsvåg i Sund. Pasientar frå Øygarden soknar til Ågotnes. I planen vert Ågotnes og Skogsvåg føreslege nedlagte i 2019 og at det vert bygd ny klinikk på Straume. Alle pasientane i kommunane Sund, Fjell og Øygarden vil få tannhelsetilbodet på den nye Straume tannklinikkk. Kommunen har også ein underteikna avtale om samarbeid mellom kommunale tenester, pleie- og omsorg, og tannhelsetenesta i Hordaland. Denne har fungert tilfredsstillande.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Fylkeskommunen vil kunna driva meir kostnadseffektivt med ein redusert klinikkstruktur. Pasientar frå Øygarden får ei lengre reise og dermed auka reisekostnader (vert ikkje dekka).

#### **Miljøkonsekvensar:**

Fleire pasientar får lengre reiser til næraste klinikk. Kan føra til auka biltrafikk, meir forureining og auka press på trafikksystema.

#### **Folkehelseperspektiv:**

Alle tannklinikkanne i Hordaland skal ha minst ein 100 % tannpleiarstilling. Tannpleiaren sin kompetanse innan folkehelsearbeid kan verta utnytta på ein betre og meir effektiv måte i dei nye klinikkanne.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Ein kan ha to tilnærmingar til dette planframlegget:

- 1) Sett frå fylkeskommunen og kva som er «best for Hordaland»
- 2) Sett frå kommunen som er direkte berørt av eventuelle endringar

Det er ikkje tvil om at planframlegget er i tråd med sentrale føringar, andre fylkeskommunale planar og tidlegare overordna vedtak fatta av fylkestinget. Slik sett kan dette vera ein «riktig» plan for Hordaland fylkeskommune.

Rådmannen vel likevel å leggja mest vekt på kva konsekvensar det får for pasientane frå Øygarden. Kva betyr det at klinikken på Ågotnes vert lagt ned og verksemda overført til ein ny klinikk på Straume i 2019?

I plandokumentet vert det mellom anna synt til befolkningsutvikling. Det vert hevda i kap. 3.0 at Øygarden («dei andre» kommunane) har «liten eller ingen vekst». Dette er ikkje rett. I eit anna dokument utgitt av fylkeskommunen «Hordaland i tal» - folketal og demografi nr.1 - 2014, vert det framheva i eigen artikkel at Øygarden er den kommunen som veks mest på Vestlandet i frå 2013 til 2014. Faktisk ligg Øygarden på ein niandeplass nasjonalt. Og dette var ei samanhengande utvikling frå 2011- 2014! Det er å vona at dei demografiske opplysningane i resten av plandokumentet er korrekte. Vurderingar og konklusjonar må byggja på rette fakta.

Nordre Fjell med Ågotnes som lokalt senter, saman med Øygarden, er i sterk vekst. Sett i eit tiårs- perspektiv vil folketallet som soknar til tannklinikken på Ågotnes auka med mange tusen om veksten held fram som i dag.

Reisetida for pasientane i Øygarden (og Sund) vil auka om klinikken vert flytta. Dette fører til meir bilbruk i eit alt sterkt pressa veg- og transportsystem. Pasientane må bruka meir tid og får også høgare reisekostnader.

Ei stor pasientgruppe er skuleborn i grunnskulealder. Mange må ha reisefølge saman med foreldre eller ein føreset. Ei reise tur/retur Straume i skuletida vil fort auka fråværet frå skulen/arbeidsplassen med ein time ekstra og kanskje meir, både for eleven og den føresette.

At stadig fleire tenester for innbyggjarane i Øygarden vert sentralisert, er med på å redusera opplevinga av nærleik og tryggleik for innbyggjarane. Når også denne tenesta «flyttar seg lenger frå» våre innbyggjarar, vert opplevinga forsterka ytterlegare. Ei slik utvikling kan i lengda redusera framtidsutsikter og bulysta.

Isolert sett vil ein ny tannklinikk på Straume kunna fagleg forsvarast. Men administrasjonen kjenner ikkje til at innbyggjarane i Øygarden er misnøgde med noverande ordning eller ønskjer ei anna organisering og lokalisering. Om tannklinikken blir verande på Ågotnes, vert dette opplevd som ei akseptabel og tilfredstillande løysing.

Rådmannen gjev slik

#### **INNSTILLING TIL VEDTAK:**

Øygarden kommunestyre finn det mest tenleg for sine pasientar/brukarar at Tannhelseklinikken på Ågotnes vert oppretthalden i framtida og ikkje nedlagt slik som føreslege i planframlegget.

#### **HANDSAMING I KOMITÉ FOR LEVEKÅR 01.12.2014**

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

#### **KLEV-060/14 VEDTAK:**

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

#### **HANDSAMING I ELDRERÅDET 01.12.2014**

##### **ER-019/14 VEDTAK:**

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

#### **HANDSAMING I RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 02.12.2014**

##### **RFF-026/14 VEDTAK:**

RFF sluttar seg til rådmannen si innstilling til vedtak.

#### **HANDSAMING I FORMANNSKAPET 03.12.2014**

##### **FS-080/14 VEDTAK:**

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

Rong : 10.11.2014

Siri Fahlvik Pettersen  
rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*